

**Fra:** Roald Breistein (Roald.Breistein@hfk.no)

**Sendt:** 18.03.2018 15:49:03

**Til:** bryland@deloitte.no

**Kopi:** Fylkesordfører; Fylkesrådmann - Postmottak; Ingrid Kristine Holm Svendsen; Bertil Søfteland; Stein Ove Songstad; Birte Bjørkelo; Johansen, Line Margrete (NO - Bergen); Kari Gåsemyr (kgasemyr@deloitte.no); 'Lovlie, Frode (NO - Bergen)'; Inge Reidar Kallevåg; Hogne Haktorson

**Emne:** Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 12.03.2018 - Habilitetsvurderingar

**Vedlegg:** image002.png

I samband med møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vart m.a. dette protokollert under sak PS 27/18 Eventuelt:

«Habilitets vurdering i sak PS 8/18 i fylkestinget 07.03.2018:

*Kontrollutvalet ber Deloitte lage ei juridisk betenkning i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget. Dette gjeld om fylkestingsrepresentantar kan vera ugilde når dei t.d. har vore intervjuet eller vore deltakar i ei spørjeundersøking som skal danne grunnlag for ein revisjonsrapport. Utgangspunkt kan vera desse sakene:*

- Sak PS 8/18 «Forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del2» – Revisjonsrapport» i fylkestinget 07.03.2018
- Revisjonsrapport om «Arkiv og offentlegheit» som skal handsamast i kontrollutvalet 07.05.2018 og i fylkestinget 12.06.2018 der alle fylkestingsrepresentantane vart bedne om å svare på ei spørjeundersøking som ein del av grunnlaget for revisjonen
- Fylkesvaraordfører uttrykte i samband med handsaming av sak PS 8/18 i fylkestinget 07.03.2018 at han hadde vore intervjuet i samband med fleire forvaltningsrevisjonar utan at han hadde fått vurdert sin habilitet i samband med handsaminga i fylkestinget

**Vedtak**

*Kontrollutvalet ber Deloitte lage ei juridisk betenkning i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget. Dette gjeld om fylkestingsrepresentantar kan vera ugilde når dei t.d. har vore intervjuet eller vore deltakar i ei spørjeundersøking som skal danne noko av grunnlaget for ein revisjonsrapport.»*

Påskrift frå sekretariatet:

Det vil vera fint om den juridiske betenkninga kan vera klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 04.06.2018. Det betyr at sakstilfanget må vera motteke i sekretariatet **seinast innan 21.05.2018.**

Med helsing

**Roald Breistein**

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet

Pb 7900, 5020 Bergen

[roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Tlf: 55 23 94 47 | Mob: 97 50 51 52

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*